

Barna i sentrum i kyrkja**25.10.2009**

Barna var i sentrum i kyrkja sundag ettermiddag og i særleg grad då fire- og seksåringane, som fekk utdelt bøker slik denne fine tradisjonen tilseier.

Det var 14 fireåringar og 7 seksåringar denne gongen og fireåringane fekk også eit puslespel.

Kyrkjelydsekretær Oddbjørg Heimark stod for utdelinga av bøkene medan sokneprest Sven Harald Nilsen hadde gudstenesta, som var godt besøkt.

Han tente lys ikkje berre for ungane, men også for foreldra.

Og bøkene vart tekne i bruk omgåande, for der stod mellom andre dei kjente songane 'Kven har skapt', 'Om eg er liten eller stor' og 'Min båt er så liten'.

Kyrkjelydsekretæren er igang med utdelinga på biletet over medan seksåringane er på biletet under.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

